

# Handlingsplan

## Skulefritidsordninga – SFO

### Sande skule

2020/2021

## Nytt SFO-år startar måndag 17. august

TLF SFO - avdeling: 48048187

TLF SFO-leiar: 57718537 eller 48054364

E-POST: [tanja.myklebust@sunnfjord.kommune.no](mailto:tanja.myklebust@sunnfjord.kommune.no)

### KVA ER SFO?

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

### MÅL FOR SFO:

#### AT BARNA:

- får eit trygt, stabilt og positivt miljø
- får den omsorg dei treng
- får tilfredstille sitt behov for leik og sjølv velge aktivitetar på sin fritid innanfor nokon overordna rammar
- viser respekt, ansvar og omsorg for kvarandre
- blir lytta til
- har moglegheit for ro og kvile om det er ynskjeleg

## **SAMARBEID HEIM - SFO**

For SFO tyder det mykje at både barn og føresette føler seg trygge og fornøgde med tilbodet. Det er derfor viktig at SFO og heimane etablerer eit åpent og nært samarbeid og at ein derfor føler eit felles ansvar.

*I samarbeidet forventar SFO:*

- At handlingsplanen blir lest
- Gjensidig informasjon om forhold som har tyding for barnet sin trivsel og atferd.
- Gjensidig imøtekommandeheit og ein positiv innstilling til samarbeid.
- Gjensidig lojalitet.
- Føresette gjev tilbakemeldingar på SFO og kjem gjerne med ideer og ynskjer.
- Føresette må gje melding om sjukdom / fråvær / hentetid og endringar av avtalar.
- Føresette må passe på ekstra kle, innesko og merking av kle, matboks o.l. Hugs å merke barna sine ting.

### **SFO DAGEN.**

#### **Morning:**

SFO opnar kl 7.00. Då er det roleg lek og mogelegheit for kvile. Dei som ynskjer å ete frokost som dei har med heimanfrå, må ha komt til kl 08.10. Ca 8.30 gjer vi oss klar til å gå ut til friminutt.

#### **Heildag:**

På onsdagar er det eit heildagstilbod (fram til og med 18.11 er det skule 8.55-12.50). Det er mogelegheit for mykje frileik og aktivitetar. Denne dagen har ungane med seg matpakke til lunsj. Kjernetida er kl. 09.00 – 14.30. Då ynskjer vi at alle barna er til stade. Dersom barnet kjem seinare eller har avtalar (lege, sjukehus, PPT mm) på onsdagen, så må SFO få beskjed. I samarbeid finn vi ei løysing. Det vert laga månadsplan som syner aktivitet på heildag-SFO.

#### **Ettermiddag:**

Ettermiddagen er frå kl 14.35-16.30. Etter eit måltid (for dei som ynskjer det og har med mat eller frukt/yoghurt) er det ofte uteleik, av og til er vi inne. Hugs gode kle! Vi har kjøleskåp på SFO til yoghurt/frukt (gjeld ikkje hausten 2020, pga korona).

## TILSETTE

Leiar:	Tanja Myklebust
Barne- og ungdomsarbeider :	Hege Tjønneland
Assistent:	Kari Aarbergsbotten
Assistent:	Målfrid Marie Bruland
Assistent:	Margunn Øvrestrand
Assistent:	Tonny Pedersen
Assistent:	Dag Gunnar Alværen

I tillegg vert Sahar og Julia vikarar på SFO dette skuleåret.

Personalet har personalmøte ca 6 gongar i året.

Personalet har 5 planleggingsdager i året ved full stilling.

## PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

- Barna må ha kle som passer til vêret, og skift i hylla. HUGS Å MERK!!!
- Hugs at barna eller de foreldre gir beskjed til ein voksen når de går heim.
- Vi setter pris på at de har tid å vente til barna har rydda etter seg.
- Ved sjukdom må barna holdast heime. Barna skal ikkje på skulen eller SFO hvis det ikkje kan være ute, ved feber eller oppkast. Det er ei tilråding at barna vert heime 48 timar etter oppkast/diare.

Hvis barna blir sjuke på SFO, kontaktar vi foresatte.

- ALL FRÅVÆR PÅ SFO, SJUKDOM, FRIDAG, KORTARE DAG, MÅ VI HA BESKJED OM.

Lag evt. avtalar med personalet. PS: Vi får ikke automatisk beskjed frå skulen hvis barnet er sjukt. Send beskjed/ring administrasjonen på skulen eller gje skriftleg melding på lapp om morgonen, dersom barnet skal noko utanom fast avtale. Kontaktinfo til SFO:

SFO tlf: 48048187

E-post: [tanja.myklebust@sunnfjord.kommune.no](mailto:tanja.myklebust@sunnfjord.kommune.no)

Gjennom Visma med melding til Tanja Myklebust

Tanja sitt kontor: 57718537 eller private mobil: 48054364.

## MJØLK PÅ SFO:

Foreldre må bestille mjølk til barnet sitt på <https://www.skolelyst.no/>.

## OPNINGSTID:

SFO opnar kl 7.00, og barna skal være henta til kl 16.30. Dersom barnet ikkje er henta før stengetid, må de betale ekstra for det. Gebyret for seint henta barn er 350 kroner pr. påbyrja halvtime.

SFO sender ut behovsprøving ved skulen sine feriar og fridagar. Det er bindane påmelding for dei som melder seg på.